

Hei!

Eg vil på vegne av Stiftinga Messen Kunst- og kulturhus be om å få om-disponere tilskotet på kr. 200.000 me fekk for eit år sida til oppjustering og investering i Messen.

Ved ny gjennomgang av bygget ser me at me må prioritere andre tiltak som ikkje var med i førre prosjekt. Me har no laga eit nytt vedlikehalds- og oppjusteringsprosjekt som me no søkje om nye midlar til.

Nye søknadar er sendt Sparebankstiftinga Hardanger og Kulturminnefondet.

Her er beskriving av det nye prosjektet:

Beskrivelse av planlagte tiltak, utfyllende:

1) Byte av 8 vindaugo i 3. etasje, samt 2 vindaugo i trappehus. Byte ei dobbel balkongdør og byte ei kjellardør.

2) Utvendig vedlikehald. Reperasjon av sprekker og murpuss. På hoversida er det og mykje restar etter eføy som må skrapast vekk. Det må og gjerast utbetringar på den eine balkongen. Deretter er det maling av heile bygget, både av grunnmur, trappevanger og fasaden.

3) Felleskjøkkenet for kunstnarane er gammalt og treng oppgradering av fleire grunnar. Det eine er forholdet kring vasken som ikkje er tilfredstillande i forhold til vatnskade nedover veggen bak og for hygienen.

Heile kjøkkeninnreiinga må rivast. Ny kjøkkeninnreiinga må vera solid og utformast med tanke på at det er mange ulike personar som skal nytta det. Og det må vera lett å halde reint og tørt. Men det skal og ha ein stil som høver til huset. Der vert både snikkar, røyrleggjar- og elektrikararbeid. Det er ikkje tatt stilling til enno om kjøkkenet skal byggjast på staden eller det skal kjøpast inn solide seksjonar og tilpassast.

Me reknar med at golvet er bra slik som det er, viss ikkje må me også få lagt nytt golvbelegg.

4) Salong - opphaldsrom. Her har det vore vannskade og det er rive det som er nødvendig for å få tørka opp vegg og tak. Heile veggen mot yttervegg må renoverast og byggjast opp igjen med nye plater og tapet. Taket skal lappast saman på den aktuelle staden på ein skånsom måte, uten å måtte rive heile taket . Dette for ikkje å øydeleggje det fine listverket i taket.

Det skal leggjast nytt linoleumsbelegg på golvet, tilsvarande det som er slite og slik stilen er i huset. Resten av rommet er i bra stand med fin tapet på veggane.

### **Fremdriftsplan**

Planlagt start: 01.05.2018

Prosjektets slutt: 01.11.2019

Beskrivelse av fremdriftsplan:

Framdrifta er avhengig av innvilga tilskot til å dekke kostnadane. Og det er avhengig av tidsplanen til dei fagfolka som me må ha på plass for å gjere jobben. Vindaugo og det utvenige arbeidet vil fyrst bli prioritert og me vil få sett det i gang so fort som mogleg på våren - sommaren, viss me har tilskot på

plass og fagfolka kan ta på seg jobben. Framdrifta for kjøkken og salong vert vurdert etter kvart i forhold til kapasitete og økonomi. Men me har sette ein litt romsleg tidsplan for prosjektet då me har erfaring med at ting kan ta lenger tid en ynskjeleg.

Med venleg helsing

Solfrid Aksnes - styremedlen i Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus